

Lærer: Mette

Læreverk: ZEPPELIN 6 & 7 + diverse materiell frå nettstadene til nynorsksenteret, lesesenteret, skrivesenteret m.m.

Zeppelin Språkbok (m/arbeidsbok for 7.trinn, på 6.trinn bruker me ikkje arbeidsboka) OG Zeppelin Lesebok (utan arbeidsbøker). Me supplerer med læreverket *God i ord* 6 og 7 (frå Samlaget), men kun lærar har boka. Me bruker bøkene som støtte for å jobbe mot *læringsmåla* i Kunnskapsløftet (den nasjonale læreplanen), det er desse læringsmåla som er styrande for arbeidet vårt (ikkje læreverket).

Mange av læringsmåla jobbar me mot gjennom JSA-arbeid, tverrfaglege prosjektarbeid, framsyningar frå scena v/jul, 17.mai og sommaravslutning o.l.

Organisering: "standardveke", men det er mange veker som ikkje er slik! 5 timar norsk per veke, det største faget.

- 5.time måndag (6.-7.trinn m/Mette). Arbeidsform: Klassesamtale. Innhald: Omgrepslæring og læringssjekk frå forrige veke (elevane syner eigenvurdering og underskrift frå føresette), prate om spørsmål/problem/vanskelege omgrep. Gjennomgang av ny vekeplan, kort presentasjon av nytt stoff.

- 4.-5.time tysdag (5.-7.trinn m/Marie og Mette). Sjølvstendig arbeid med rettleiing frå lærar. Innhald: Arbeid med læreverka og ulike større prosjekt (jsa, leselystaksjon, muntleg presentasjon)

Arbeidsform varierer: Pararbeid med læringspartner (vert trekt tilfeldig) / individuelt arbeid / gruppearbeid m/definerte roller / klassesamtale

- 6.time tysdag, (5.-7.trinn m/Marie). Arbeidstime i basisfag (norsk, matematikk og engelsk) m/innslag av fysisk aktivitet i faget (stavestafett o.l.)

- 5.-6. time torsdag (5.-7.trinn m/Marie og Mette). To faste postar i tillegg til arbeid med læreverk/aktuelle prosjekt:

"Språkhjørnet" m/vekas dialektord som alle omset til sjølvvald framandspråk, samtale om grammatikk og språklege emne ut frå dette. Me samanliknar muntleg språk, nynorsk og bokmål, og norsk språk med nokre andre språk.

"Boka mi" der me byter på å gje muntleg samandrag og personkarakteristikkar frå boka me les, og stiller spørsmål til dei andre. Me leiter etter gode triks og idear til eigen skriving.

Vurdering:

Jostedal skule har vore med i den nasjonale satsinga "Vurdering for læring" sidan 2009. Å vere medveten om eigen læringsprosess og å ta ansvar for denne sjølv, er noko av det elevane får trening i her. Teknikkar me vil nytte er t.d. å bli einige om krava til at det me jobbar med er bra (kriterieskjema), eigenvurdering og kameratvurdering ut frå desse krava, "exit-kort", individuelle utviklingsamtalar lærar-elev m.m.

Skriftlege vurderingar som vert sendt heim eller på anna måte vert synleg for dei heime:

- Skriftlege oppgåver med læringsmål, kriterieskjema og eigen-/kameratvurdering

- Kartleggingsprøver (Carlsten haust og vår)

- Lekseprøver (diktat/ordklasser o.l.)

- IUP i Fronter (i forkant av elev-/foreldresamtalane haust og vår)

Anna:

.- Me brukar å ha tverrfagleg prosjektarbeid (i grupper) mellom vinterferien og påskeferien. Gruppene brukar då å halde muntleg presentasjon for foreldre og søskjen på foreldremiddag før påske (foredrag m/Power Point/Prezi/o.l.). Overskotet frå sal av middagsmat går til skuletur i mai/juni (i år til Bergen med to overnattingar)

- Me jobbar med leseforståing i alle fag, det gjeld særleg naturfag, samfunnsfag og rle i tillegg til norsk

Berre ta kontakt ved spørsmål!

ÅRSPLAN NORSK (AUGUST - OKTOBER)				Større prosjekt og entreprenørskap	Vurdering / produkt og elevmedverknad
TEMA & LÆRINGSMÅL	Læreverk	TEMA & LÆRINGSMÅL	Læreverk		
6. trinn		7. trinn			
LÆRINGSSTRATEGIAR Nytte fleire læringsstrategiar på same tekst: BISON-overblikk, tankekart, nykkjelord.	Repetere frå førre skuleår	LÆRINGSSTRATEGIAR Nytte fleire læringsstrategiar på same tekst: BISON-overblikk, tankekart, nykkjelord.	Repetere frå førre skuleår	Oppstart av "Språkhjørnet" og "Boka mi" JSA: Idémyldring, ansvarsfordeling	Korleis lærer EG best? Val av viktige læringsmål i norsk frå læreplanen (K06)
Nye strategiar: <i>læresamtale og samandrag</i>	Språkbok kap 1: Lær å lære (s.6-29)	Nye strategiar: <i>læresamtale og samandrag</i>	Språkbok kap 1: Lær å lære (s.6-24)		
SJANGER: INTERVJU Førebu, gjennomføre og skrive intervju	Språkbok kap 6: Intervju (s.70-83)	SJANGER: INTERVJU Førebu, gjennomføre og skrive intervju med gode spørsmål	Zeppelin 6 spr. bok: kap 5 Intervju	Velje saker Førebu intervju Intervjue folk i bygda, ta bilete	Gjere eigen- og kameratvurdering for utvald JSA-sak etter kriterielista
Skrive ein god journalistisk tekst basert på intervju		Skrive ein god journalistisk tekst basert på intervju		skrive inn Jsa-saker på pc	
RETTSKRIVING 6A - Dobbel konsonant - Stor bokstav, teiknsetjing - Og/å, komma	Språkbok kap 4: <i>Rettskriving rett og slett</i> (s.52-69)	RETTSKRIVING Forenkling av dobbel konsonant, komma, og/å, muntleg/skriftleg språk	Språkbok kap 4: <i>Rettskriving</i> (s.86-99)	skrive inn Jsa-saker på pc	Velje ei JSA-sak som vert gjennomarbeidd etter kriterielista for journalistisk tekst med: - eigenvurdering - kameratvurdering - lærarvurdering
GRAMMATIKK 6A Kva er ei ordklasse? "ORDKLASSETREET": Verb, substantiv, adjektiv, adverb, pronomen, preposisjon, interjeksjon, konjunksjon	Språkbok kap 2: <i>Ord i klasser</i> (s.30-41)	GRAMMATIKK 7A Ordklasser, repetere "ORDKLASSETREET": Verb, substantiv, adjektiv, adverb, pronomen, preposisjon, interjeksjon, konjunksjon, subjunksjon, determinativ		ferdigstille og legge inn Jsa-saker i fellesmappe	
LESESTRATEGIAR Lese samansette tekstar: teikneseriar, aviser, fakta	Lesebok kap 1: Lesekurs (s.7-29)	Nye strategiar: Samanlikning Å finne spor etter forfattaren	Lesebok kap 1: Lesekurs - litterære virkemiddel (s.6-35)	Data som hjelpemiddel under eigen skrivning: TOUCH (skriveteknikk), stavekontroll, formatering	Individuelt læringsmål for rettskriving i JSA-tekst
Forsmak på litterær analyse	Lesebok kap 2: Litterær samtale (s.30-43)	LITTERÆR ANALYSE: Lære å finne og bruke nokre litterære virkemiddel: språkbilete, gjentaking, frampeik, zooming	Lesebok kap 3: Vurdere litteratur (s.36 - 63)		7.klasse prøver seg som lærarar for 6.klasse, skal presentere kapitlet om litterære verkemiddel.

HAUSTFERIE

ÅRSPLAN NORSK (OKTOBER - DESEMBER)				Større prosjekt og entreprenørskap	Vurdering / produkt og elevmedverknad
TEMA & LÆRINGSMÅL	Læreverk	TEMA & LÆRINGSMÅL	Læreverk		
6. trinn		7. trinn			
LESE SKJØNNLITTERATUR - lære å snakke og skrive om litteratur	Lesebok kap 3: <i>Vennskap og forelsking</i> (s.44-82) Lesebok kap 3: <i>Fantasy</i>	LESE SKJØNNLITTERATUR - lære å snakke og skrive om litteratur	Lesebok kap 4: <i>Sorg</i> (s.94 - 127)	Leselystaksjon: leselogg på nett, skrive bokmelding	Klassesamtale, trening på eigenvurdering og konstruktiv tilbakemelding/ "framovermelding" til andre (raud-gul-grøn "blink")
SJANGERLÆRE: Bokmelding - lære å snakke og skrive om litteratur		SJANGERLÆRE: Bokmelding - lære å snakke og skrive om litteratur			
LYTTE TIL ANDRE Lære å uttrykkje og grunngje egne meiningar - Lære å syne respekt for andre sine meiningar		LYTTE TIL ANDRE Lære å uttrykkje og grunngje egne meiningar - Lære å syne respekt for andre sine meiningar		JULESPEL (felles prosjekt heile skulen)	Bokmelding m/vurdering etter kriterieliste me utarbeider i lag. Kort munnleg framlegg av bokmeldinga.
GRAMMATIKK 6B - Personleg pronomen - Interjeksjonar - Preposisjonar - Konjunksjonar - Adjektiv som blir til adverb	Språkbok kap 3: <i>Personlege pronomen</i> (s.42-51) Språkbok kap 6: Fleire ordklassar (s.84-91)		Språkbok kap 2: <i>Lytte og tale</i> (s.34-57)		
SJANGERLÆRE: Forteljing Skriveplan for forteljing Byrjing, hovuddel og slutt	Språkbok kap 7: <i>Frå ord til tekst</i> (s.92-99)	SJANGERLÆRE: Forteljing Skriveplan for forteljing Byrjing, hovuddel og slutt	Språkbok kap 3: <i>Skriv betre</i> (s.58-85)		Vurderingskultur i klassa
SPRÅKLEG MEDVIT: Samanlikne skilnaden på skriftspråk og talespråk, bokmål og nynorsk		SPRÅKLEG MEDVIT: Samanlikne skilnaden på skriftspråk og talespråk, bokmål og nynorsk	Språkbok kap 4: <i>Rettskriving</i> (s.86-99)	MUNTLEG PRESENTASJON: Individuelt arbeid (førebuing til presentasjon for klassa)	MUNTLEG PRESENTASJON: Utarbeide kriterieliste lærar og elevar i lag. Kameratvurdering før framsyning, bearbeide ut frå kommentarane. Kameratvurdering og lærarvurdering rett etter framsyninga.
Muntleg presentasjon Kva kjenneteikner eit godt muntleg framlegg? Kva kjenneteikner eit godt publikum?	Bruke faktakjelder, lage presentasjon	Muntleg presentasjon Kva kjenneteikner eit godt muntleg framlegg? Kva kjenneteikner eit godt publikum?	Finne emne til muntleg presentasjon Bruke faktakjelder, lage presentasjon		

JULEFERIE

ÅRSPLAN NORSK (JANUAR - FEBRUAR)				Større prosjekt og entreprenørskap	Vurdering / produkt og elevmedverknad
TEMA & LÆRINGSMÅL	Læreverk	TEMA & LÆRINGSMÅL	Læreverk		
6. trinn		7. trinn			
SJANGERLÆRE: Forteljning Å skrive forteljning med konflikt og spenningstopp Å skildre stad og personar Mottakarmedvit! Å rydde opp i ein tekst	Språkbok kap 7: <i>Frå ord til tekst (s.92-99)</i> Språkbok kap 8: Fortel meir! (s.100-119)	SJANGERLÆRE: Forteljning Å skrive forteljning med konflikt og spenningstopp Å skildre stad og personar Mottakarmedvit! Å rydde opp i ein tekst	Språkbok kap 3: <i>Skriv betre (s.58-85)</i>	Lage novellesamling av alle forteljningane i klassa	Skrive forteljning: levere fleire utkast, få tilbakemelding/ framovermelding frå medelev og frå lærar, gjere om ut frå kommentarane. Lærarvurdering når alle har levert siste versjon - plukke gode formuleringar frå kvarandre.
RETTSKRIVING Reglar for korleis me skriv kj-lyden, sj-lyden, j-lyden, æ-lyden, o-lyden, å-lyden og stum d Lære å bruke hermeteikn, kolon og replikkstrek Komma framfor 'men'	Forteljar-tips Språkbok kap 4: <i>Rettskriving rett og slett (s.52-69)</i>	RETTSKRIVING - Forenkling av dobbel konsonant - Lære reglar for bruk av og/å Repetere reglar for korleis me skriv kj-lyden, sj-lyden og j-lyden.	Forteljar-tips Språkbok kap 4: <i>Rettskriving (s.86-99)</i>	Finskrift/små plakatar til klasserommet med plan for våren, rettskrivingsreglar og ordklasser	
Ulike lesestrategiar: Å velje lesestrategi etter føremål.	Språkboka kap 1: <i>Lær å lære</i> Språkboka kap 7: <i>Frå ord til tekst</i>	Ulike lesestrategiar: Å velje lesestrategi etter føremål.	Språkbok kap 6: <i>Sakprosa</i>	Førebu oss til prosjektarbeid: repetere og lære om metodar me skal bruke.	
VINTERFERIE					
Å planlegge ein faktatekst Å bruke kjelder	7.klassen lærer bort til 6.klassen	Å planlegge ein faktatekst Å bruke kjelder	Språkbok kap 9: Bygg ein faktatekst	Samarbeid norsk-naturfag	Følgje kriterieliste frå lærar, eigenvurdering og lærarvurdering før endeleg innlevering Rapport til Nysgjerriper Presentasjon for foreldre
SPRÅK/GRAMMATIKK Lære: Kva setningsledd er Å analysere setningar Kva heilsetning og leddsetning er	Språkbok kap 9: Teiknsetjing Språkbok kap 10: <i>Ord som gror</i>	SPRÅK/GRAMMATIKK Lære: Kva setningsledd er Å analysere setningar Kva heilsetning og leddsetning er Verbal, subjekt, direkte objekt og indirekte objekt	Språkbok kap 7: <i>Setningsanalyse</i>		
Tverrfagleg prosjektarbeid 5.-7.trinn					
Å skrive rapport Å rydde opp i ein tekst	Språkbok kap 9: <i>Teiknsetjing</i>	Å skrive rapport Å rydde opp i ein tekst	Språkbok kap 8: <i>Teiknsetjing</i>		

<p>Tema i litteraturen: Nasjonalromantikk</p> <p>Kva ein dialekt er Å samanlikne dialektar</p> <p>Reklame Verkemiddel i reklame Sakprosa</p> <p>Anna: Repetisjon av viktige læringsmål frå heile året</p> <p>(Øve på eksempelprøver Nasjonal prøve i lesing)</p>	<p>Språkbok kap 11: <i>Dialektar</i></p> <p>Språkboka kap 12: <i>Reklame</i></p> <p>Leseboka kap 5: <i>Oppdagingar</i></p>	<p>Tema i litteraturen: Nasjonalromantikk Sjangeren biografi/ sjølvbiografi</p> <p>Kvifor nynorsk? Nynorsk/bokmål/dialekt</p> <p>Reklame Verkemiddel i reklame Referat Søknad</p> <p>Anna: Repetisjon av viktige læringsmål frå heile året</p> <p>Øve på eksempelprøver Nasjonal prøve i lesing</p>	<p>Språkboka kap 10: <i>Språk og haldningar</i></p> <p>Språkboka Zeppelin 6 kap 12: <i>Reklame</i></p>	<p>17.mai-program TEMA: 200-årsjubileum for GRUNNLOVEN</p> <p>Lage reklamefilm for Jostedalen?</p> <p>Utplassering?</p> <p>"Forsmak på ungdomsskulen"</p>
---	--	--	--	---

SOMMARFERIE

REVIDERT LÆREPLAN I NORSK - KOMPETANSEMÅL ETTER 7. TRINN - Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:

MUNTLEG KOMMUNIKASJON	STIKKORD:
lytte til og vidareutvikle innspel frå andre	LYTTE TIL ANDRE, UTVIKLE INNSPEL
skilje mellom meiningar og fakta	FORSKJEL MEININGAR/ FAKTA
uttrykkje og grunnkje eigne standpunkt og vise respekt for andre sine	UTTRYKKJE OG ARGUMENTERE FOR MEININGAR, RESPEKT FOR ANDRES
uttrykkje seg med et variert ordforråd tilpassa kommunikasjonssituasjonen	VARIERT ORDFORRÅD
	FOR PUBLIUKUM:
bruke sang, musikk og bilete i framføringar og presentasjonar	BRUKE MULTIMEDIA
opptre i ulike roller gjennom drama-aktivitetar, opplesing og presentasjon	DRAMA OG OPPLESING
presentere et fagstoff tilpassa formål og mottakar, med eller utan digitale verktøy	FAGSTOFF TILPASSA MOTTAKAR & FØREMÅL
vurdere andres muntlige framføringer ut fra faglige kriterium	KAMERATVURDERING ETTER FAGLEGE KRITERIUM
SKRIFTLEG KOMMUNIKASJON	LESEFORSTÅING:
lese eit breidt utval norske og omsette tekstar i ulike sjangerar på bokmål og nynorsk, og reflektere over innhald og form i teksten	LESE BREIDT, REFLEKTERE OVER INNHOLD/FORM
referere, oppsummere og reflektere over hovudmoment i ein tekst	HOVUDMOMENT (REFERE, OPPSUMMERE, REFLEKTERE)
lese enkle tekstar på svensk og dansk og gje att og kommentere innhaldet	DANSK/SVENSK
forstå og tolke opplysninger frå fleire uttrykksformer i ein samansett tekst	SAMANSETT TEKST
	SKRIVING:
meistre sentrale reglar i formverk og ortografi og skrive tekstar med variert setningsbygging og funksjonell teiknsetting	RETTSKRIVING, SETNINGSBYGGING OG TEIKNSETJING
skrive samanhengande med personleg og funksjonell handskrift, og bruke tastatur på ein hensiktsmessig måte	HANDSKRIFT & TASTATUR ("TOUCH")
skrive tekstar med klart uttrykt tema og skape samanheng mellom setningar og avsnitt	TEMA OG SAMANHENG
skrive forteljande, skildrande, reflekterande og argumenterande tekstar etter mønster av eksempeltekstar og	FORTELJANDE, SKILDRIANDE, REFLEKTERANDE, ARGUMENTERANDE
andre kjelder, og tilpasse eigne tekstar til formål og mottakar	ENKLE TEKSTAR PÅ SIDEMÅL
eksperimentere med skrivning av enkle tekstar på sidemål	KAMERATVURDERING + OMARBEIDE
gje tilbakemelding på andre sine tekstar ut frå faglege kriterium og omarbeide eigne tekstar etter tilbakemeldingar	SAMANSETTE TEKSTAR
bruke digitale kjelder og verktøy til å lage samansette tekstar med hyperkoplingar og varierte estetiske verkemiddel	INFORMASJONSSØK & KJELDEKRITIKK
velgje ut og vurdere informasjon frå bibliotek og digitale informasjonskanalar	
SPRÅK, LITTERATUR OG KULTUR	SPRÅK:
gje eksempel på nokre likheter og forskjeller mellom muntleg og skriftleg språk	MUNTLEG/SKRIFTLEG
utføre grunnleggjande setningsanalyse og vise korleis tekstar er bygga opp ved hjelp av omgrep frå grammatikk og tekstkunnskap	GRAMMATIKK OG SETNINGSANALYSE
samanlikne språk og språkbruk i tekstar på bokmål og nynorsk	BOKMÅL/NYNORSK I TEKSTAR
lese og uttale stadnamn som inneheld særskilde nordsamiske bokstavar, og kjenne til enkelte ord og uttrykk på eitt av dei samiske språka	SAMISK
samanlikne talemål i eget miljø med nokre andre talemålsvariantar og med dei skriftlege målformene bokmål og nynorsk	LOKAL DIALEKT/ BOKMÅL/NYNORSK
gje eksempel på og reflektere over korleis språk kan uttrykkje og skape haldningar til enkeltindivid og grupper av menneske	SPRÅKBRUK OG HALDNINGAR
presentere eigne tolkingar av personar, handling og tema i eit variert utval barne- og ungdomslitteratur på bokmål og nynorsk og i omsetting frå samisk	TOLKING AV SKJØNNLITTERÆRE TEKSTAR, ÒG FRÅ SAMISK
vurdere tekstar med utgangspunkt i eigne opplevingar og med forståing for språk og innhald	LESEFORSTÅING & LITTERÆR ANALYSE
kjenne til opphavsrettslege reglar for bruk av kjelder	OPPHAVSRETT & KJELDER
bruke forskjellige former for digitale og papirbaserte ordbøker	BRUKE ORDLISTE